

# God jul 2015

Frå Kristkyrkja på Stord

## Guds Under Guds Under



Jesusbarnet var eit under. Alle nyfødde barn er det. Men Jesus var eit barn langt ut over det vanlege: Han var GUD!

Engelen sa til gjetarane på Betlehemsmarkene: "I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davidsbyen, Betlehem. Han er Kristus, **Herren!**"

Det vesle nyfødde barnet var **Herren** sjølv, den Gud som skapte himmel og jord.

Korleis kunne han bli eit lite menneskebarn? Det er eit under. J.S. Lewis skriv: "Det at Gud vart menneske er det største av alle under som har skjedd. Alle andre under spring ut frå dette." Me trur han har rett.

Men så kan me spørja: **Kvifor** måtte Gud bli eit menneske? Og svaret ligg i juleevangeliet: *For å frelsa oss frå syndene våre og bringa oss attende til seg sjølv.*

Det kunne ikkje gjerast på nokon annan måte. Det er utfordrande for tanken vår, ja, men så spektakulært måtte det vera. Skaden vår var så djup.

Så er Jesus blitt vår dør inn til Gud (den einaste) og det er for oss berre å gå inn. Slik som gjetarane og dei tre vise menn var velkomen inn i stallen, slik er du og eg velkomen inn i Guds store familie. GOD JUL!

JULAFTA ER ALLE  
VELKOMEN TIL  
FAMILIEGUDSTENESTE MED  
JULESPEL I UTBYGDO  
GRENDAHUS KL. 15.00

# "Ære være Gud i det høgste!"



Georg Friedrich Händel skreiv det berømte Hallelujakoret etter eit himmelsk syn.

Slik song englane på Betlehemsmarkene. I eit kort glimt opna himmelen seg for gjetarane, og dei kunne nyta den vakraste musikken som eksisterer i universet. Det slapp nok aldri taket i dei. Georg Friedrich Händel opplevde det også. Då han komponerte sitt store verk om Messias, var han så oppslukt at han kunne ikkje eta. Han komponerte og skreiv utan stans. Den 21. dagen i prosessen fann dei han oppløyst i tårer. Då hadde han hatt eit himmelsk syn og høyrte englesongen, han også. Men han klarte ikkje å skilja ut meir enn åtte av dei mange ulike stemmene i

koret. Det han skreiv ned vart for spinkelt i høve til det han hadde høyrte, og han gret av fortviling. Slik fekk me "Hallelujakoret", den mektigaste korsatsen som nokon gong er skriven av eit menneske.

Det finst ein himmel. Den er Guds bustad. Der lyder mektig song, og dit skal me ein gong, om me har lagt vegen dit. Men det store er: I Jesus Kristus er himmelriket kome nær til oss, og det stig lovsong opp til Gud frå alle som hyser Han i hjarto sine.

Me ærar gjerne menneske som har gjort noko eksepsjonelt. Ingen bør ærast meir enn vår Gud. Han skapte universet med sine mange milliardar galaksar, stjerner og planetar. Og han skapte livet. Kven kan etterlikna han i det?

Men mest skal han ærast av oss fordi han kom til oss som eit menneske for å løysa oss frå synda, døden og djevelens makt.

Så "gje Herren ære" denne jula. Han vil nemleg evig æra dei som ærar han.